

Fra: Inger Lise Bondhus[ingerlisebondhus@gmail.com]
Sendt: 06.05.2026 19:15:02
Til: Post[post@kvinnherad.kommune.no]
Tittel: Vedkjem ANPR-kamera og hindring næringsverksemd.

Eg vender meg til dykk som innehavar av salsvogna "Oløløo på hjul" som har fast tilhald ved parkeringsplassen i Bondhusdalen, jf, salsløyve og byggeløyve frå Kvinnherad kommune. Det er nyleg sett opp kamera for automatisk skiltgjennkjenning (ANPR) av Bondhusdalen parkering på den kommunale vegen som fører fram til parkeringsplassen. Eg har ikkje fått direkte varsel frå parkeringsselskapet om oppmontering av dette kamera. Dette medfører ein svært uheldig situasjon for mi verksemd og mine kundar.

Plasseringa av kameraet gjer at alle køyretøy som nyttar den kommunale vegen vert registrerte for betaling, sjølv om dei berre skal vitje salsvogna mi for ein kort handel og ikkje nyttar sjølve parkeringsarealet over tid.

Det er prinsipielt problematisk at eit privat parkeringsselskap krev inn avgift for ferdsel på ein kommunal veg før ein i det heile har svinga inn på det private parkeringsområdet. Mine kundar kan no verte pålagde eit parkeringsgebyr/fakturaavgift for eit stopp som ofte er kortvarig. Dette gjer det i praksis umogleg å drive sal frå vogna på denne lokasjonen. Eg stiller spørsmål ved om parkeringsselskapet har fått løyve frå kommunen til å overvåke og avgiftsbelaste ferdsel på offentleg veggrunn.

Eg ber kommunen snarast sjå på saka og ser fram til ei snarleg tilbakemelding på korleis kommunen vil handtere dette, slik at næringsverksemda mi ikkje vert skadelidande av parkeringsselskapet si tekniske og etter mi meining ulovlege løysing.

Beste helsing
Inger Lise Bondhus og Arild Lunde
OLALØO
47813306
www.olaloo.no